



DEN NORSKE KYRKJA

Oppdateringar i skjerikyrkja.no




Skjer i kyrkja er Den norske kyrkja sin nasjonale arrangementsportal. Her er det kyrkjelege arrangement frå heile landet. Nettstaden er i kontinuerleg utvikling for å fortelje om alt det flotte som skjer i kyrkja.

No er fleire oppdateringar klare. Siste nytt er at sida er tilgjengeleg på nynorsk, i tillegg til bokmål. Kyrkjelydar og fellesråd har også fått eigne sider, som viser aktuelle arrangement og peikar til kyrkjelyden si nettside. For besøkande er det no høve til å opne kart og finne arrangement ved å trykke seg rundt i kartet.

For tilsette er det no fleire mogelegheiter når ein legg inn aktivitetar via Arrangørportalen. Ein kan legge inn gjentakande arrangement, legge til medarrangørar og ein kan lagre utkast til arrangement. Snart kjem også ferdige maltekstar og biletbank! Det er mogeleg å publisere via fagsystema Kardinal og Medarbeideren.

[Les meir](#)



Ny Vipps-funksjon: Be om skattefrådrag ved gaver

Den norske kyrkja samarbeider med Vipps for at Vipps-appen skal passe til kyrkja sin bruk. No har appen fått funksjonalitet for å kunne gje skattefrie gaver.

[Les meir](#)



Ressursar for adventssamlingar

I ressursbanken er det samla materiell og ressursar knytt til adventssamlingar for born og unge. Bli gjerne med å dele ressursar om du har!

[Les meir](#)



Ny biskop i Hamar bispedøme

Ole Kristian Bonden er tilsett som ny Hamar-biskop. – Eg vil ha ei raus og tydeleg kyrkje som er til stades i samfunnet og i menneske sitt liv, ei kyrkje som bryr seg om folk, sa Bonden på presentasjon i Hamar domkyrkje.

[Les meir](#)

Webinar og frukostmøte



Kirken som økonomisk aktør og ansvarlig forvalter

17. november kl. 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

Hva stimulerer til frivillighet i en menighet?

24. november kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

Etnisk mangfold og representativitet i Den norske kirke; lansering av kurs i læringsplattformen

1. desember kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

Sjå full webinaroversikt og opptak av tidlegare webinar på ressursbanken.no/webinar

Fekk du med deg desse sakene?



Tildelte midlar til innovasjon innan diakoni

Fleire spennande og nytenkjande kyrkjelydar, fellesråd og organisasjonar får i år pengar til å realisere innovasjon innafor diakoni. Til saman er 2 755 000 kr delt ut, fordelt på åtte prosjekt.

[Les meir her](#)



Samarbeid med kommunen om beredskap

Korleis kan ein få i gong samarbeid med kommunen om beredskap? Eit nytt kurs på læringsplattformen gjev innføring i korleis kyrkja kan samarbeide med kommunen om beredskap, gjennom ein formalisert avtale.

[Les meir her](#)



Saman for ei inkluderande kyrkje

Saman med Helt med skal Den norske kyrkja jobbe for å verte meir mangfaldig og inkluderande. – Eit viktig arbeid for å vere ei open og tenande folkekyrkje, seier HR-sjef.

[Les meir her](#)

Søk om støtte

Stimuleringsmidler til å starte opp sorggrupper for unge

Søknadsfrist 1. desember kl 12.00. [Les mer og søk her](#)

Nyheitsbrevet vert sendt til tilsette, frivillige, folkevalde og andre interesserte i Den norske kyrkja. Har du fått det videresendt kan du [melde deg på nyheitsbrevet i dette skjemaet](#).

Vil du melde deg av? [Trykk her](#)





DEN NORSKE KYRKJA

krpostmottak@kyrkja.no